



Pressemelding 11. mai 2021

Heimeskule for 10a på Radøy ungdomsskule

26 elevar og 8 tilsette er i karantene etter at ein person knytt til skulen har fått påvist koronavirus.

Alver kommune fekk melding om det nye tilfellet tysdag formiddag, 11. mai.

26 elevar og 8 tilsette er nærkontaktar og må vere i karantene til og med laurdag 15. mai. Dei som bur ilag med nærkontaktane må vere i ventekarantene.

– Elevane i 10a kan først komme tilbake på skulen tysdag 18. mai. Dei føresette har fått informasjon om situasjonen i dag, og får meir informasjon om opplegget for heimeskule frå kontaktlæraren sin, fortel rektor på Radøy ungdomsskule, Marianne Herø.

Kontaktperson på Radøy skule:

- Marianne Herø, rektor på Radøy ungdomsskule
Mobil: 986 15 415
E-post: marianne.hero@alver.kommune.no